

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 20.08.2012  
Sakhandsamar: **Jan Erik Lorentzen m. fleire**  
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per juni og juli 2012**

**Arkivsak**

2011/11/

**Styresak 087/12 B**

**Styremøte 05.09. 2012**

---

## Forslag til vedtak

Styret tek rapporteringa frå verksemda per 31. juli 2012 til etterretning.

## Oppsummering

Ventetidsutviklinga per juli 2012 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling var 56 dagar, medan ventetida for dei som framleis venta ved utgangen av månaden var 91 dagar. Ventetida for ventande har ikkje uventa gått opp i løpet av sommaren.

Med unntak av døgnbehandling innan psykisk helsevern for vaksne er aktivitetsnivået innan den somatiske sektoren, psykisk helsevern for barn og unge og psykisk helsevern for vaksne på same nivå eller høgare enn til same tid i 2011.

Talet på fristbrot for behandla har gått litt ned den seinaste månaden, men talet behandla er og lågare enn resten av året. Talet på korridorpasientar per dag innan somatikken aukar i Helse Stavanger, men har ei positiv utvikling i dei tre andre HF-a. Innan psykisk helsevern var det ingen registrerte korridorpasientar i juli. Talet på langtidsventande har halde seg stabilt gjennom sommaren. Delen epikrisar sendt innan 7 dagar var 81 % innan somatikk og 82 % innan psykisk helsevern.

Det økonomiske resultatet i juni er kr 74,9 mill som er kr 14,8 mill betre enn budsjett. Resultatet i juli er kr 84,6 mill som er kr 13,1 mill betre enn budsjettet. Akkumulert resultat er kr 440,3 mill som er kr 82,5 mill betre enn budsjettet. Helse Bergen, Helse Fonna og Helse Stavanger rapporterer ein prognose som er hhv. kr 20, 18,8 og 10 mill svakare enn budsjettet.

Samla investeringar per juli er på kr 697,2 mill. Dette utgjer rett i overkant av 44 % av forventade investeringsnivå i 2012. Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskredittramme tilfredsstillande.

Per juli 2012 var det samla sjukefråværet på 6,6 % og sjukemeldt fråvær på 5,9 %. Dette er litt høgare enn kva sjukefråværet var i mai, men det er ei forbetring i forhold til juni. Det samla sjukefråværet og sjukemeldt fråvær er markant forbetra i juli 2012 i forhold til tilsvarande tal for juli 2011. 69,39 % av einingane hadde per juli 2012 eit sjukemeldt fråvær på 4,5 % eller lågare.

Samanlikna med same periode i 2011 har det vore ein auke med 506 brutto månadsverk og 671 netto månadsverk. Det har vore høgare tal på månadsverk i alle månader i 2012 enn i 2011.

Målkravet om ein korrigert gjennomsnittleg stillingsprosent på 87,7 % blei nådd hausten 2011. Den korrigerde gjennomsnittlege stillingsprosenten for juli 2012 er på 89 %.

## Fakta

Denne rapporten er utarbeidd med basis i informasjon per 31. juli 2012.

## Kommentarar

### 1. Aktivitetsutvikling

Dei data som blir nytta til å syne aktivitetsutviklinga er tal helseføretaka sjølv har rapportert inn. Biletet under syner endring i aktivitetensnivået per juli 2012, samanlikna med tal per juli 2011.

|  <b>Aktivitetsutvikling</b> |  | Resultat | Mål  | Status                                                                              | = |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--|----------|------|-------------------------------------------------------------------------------------|---|
| <b>Somatikk</b>                                                                                              |  |          |      |  |   |
| Aktivitet målt i DRG-poeng                                                                                   |  | 3,1%     | 1,5% |  |   |
| Aktivitet målt i opphald                                                                                     |  | 2,2%     | 1,5% |  |   |
| Poliklinisk aktivitet                                                                                        |  | 5,8%     | 4,5% |  |   |
| <b>Psykisk Helsevern for Barn og unge</b>                                                                    |  |          |      |  |   |
| Aktivitet døgntillegging                                                                                     |  | 0,6%     | 2%   |  |   |
| Aktivitet dagbehandling                                                                                      |  | 0,0%     | 5%   |  |   |
| <b>Psykisk helsevern for voksne</b>                                                                          |  |          |      |  |   |
| Aktivitet døgntillegging                                                                                     |  | -1,8%    | 2%   |  |   |
| Aktivitet dagbehandling                                                                                      |  | 7,7%     | 5%   |  |   |

### Somatikk

Dei absolutte tala syner at det totalt blei generert nær 148 000 DRG-poeng ved helseføretaka dei sju første månadene av 2012. Alle dei fire helseføretaka har hatt ein høgare DRG-produksjon enn til same tid 2011. Det samla talet sjukehusopphald var nær 144 000. Det samla talet polikliniske konsultasjonar var tilnærma 507 000. Alle dei fire helseføretaka har eit høgare poliklinisk aktivitetsnivå så langt i 2012, enn til same tid i 2011.

### Psykisk helsevern

Per juli 2012 var aktivitetsnivået innan barne og ungdomspsykiatrien målt i liggjedøgn litt høgare enn i 2011, medan aktiviteten målt i dagopphald og polikliniske konsultasjonar var på same nivå som i 2011. Talet liggjedøgn per juli var om lag 8 200, og skilnaden til 2011 er på om lag 50 fleire døgn. Talet på dagopphald og polikliniske konsultasjonar var nær 64 650. Helse Stavanger HF har hatt lågare døgnavtivering enn i 2011, medan dei tre andre helseføretaka hadde ein høgare aktivitet. Helse Bergen HF og Helse Førde HF har til no hatt færre dagopphald og polikliniske konsultasjonar enn førre år.


Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern for vaksne ligg under nivået per juli 2011 målt i talet på liggjedøgn, medan talet på dagopphald og polikliniske konsultasjonar ligg ein god del høgare enn i 2011. I absolutte tal har det blitt generert om lag 145 000 liggjedøgn og gjennomført 137 000 polikliniske konsultasjonar og dagopphald. Særleg Helse Stavanger HF har generert fleire liggjedøgn enn i 2011, medan det berre er Helse Førde HF som har ein lågare dagbehandlingsaktivitet enn per juli 2011.

## 2. Ventetidsutvikling

Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle som starta behandling i juli 2012 var på 56 dagar (48 dagar for prioriterte og 75 dagar for dei utan prioritet), men volumet behandla pasientar er lågare i juli enn resten av året. Figuren nedanfor viser ventetidsutviklinga per helseføretak for alle pasientar som har starta behandling.

**Samla ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde**


Ventetid for behandla per HF - alle fagområde



Den samla gjennomsnittlige ventetida for alle pasientar som framleis venta på behandling i Helse Vest ved utgangen av juli 2012 var 91 dagar, fordelt på 65 dagar for prioriterte og 119 dagar for ventande utan prioritet. Figuren under viser samla ventetid for alle ventande fordelt per helseføretak.

#### Samla ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde

Ventetid for ventande per HF - alle fagområde




#### Somatikk

Den samla gjennomsnittlige ventetida for ventande innan somatikken var 91 dagar ved utgongen av juli. For pasientar med prioritet var ventetida 65 dagar, og for pasientar utan prioritet 118 dagar. I figuren nedanfor er samla gjennomsnittleg ventetida for ventande vist per føretak.


#### Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – somatikk

Ventetid for ventande per HF - Somatikk



Ser ein på ventetidene for pasientane som starta somatisk behandling i juli 2012, så var dei 47 dagar for prioriterte og 75 dagar for ventande utan prioritet, noko som gir 55 dagar i gjennomsnitt for alle som starta behandling. Samla ventetid for behandla fordelt per helseføretak er vist i figuren under.


#### Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – somatikk



#### Psykisk helsevern for barn og unge


Den gjennomsnittlege ventetida for ventande med prioritet innan BUP var 52 dagar, og for ventande utan prioritet var ventetida 112 dagar ved utgangen av juli 2012. Samla ventetid for alle som venta på behandling var 62 dagar.

#### Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – BUP



Samla ventetid for pasientar som starta behandling i juli 2012 var 76 dagar i gjennomsnitt. Ventetida for prioriterte pasientar var 70 dagar, medan ventetida for dei utan prioritet var 135 dagar.


#### Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – BUP



#### Psykisk helsevern for vaksne


Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle ventande innan psykisk helsevern for vaksne var 83 dagar ved utgangen av juli 2012. Ventetida for ventande med prioritet var 53 dagar og 135 dagar for dei utan prioritet.

#### Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – PH vaksne



For pasientar som starta behandlinga i juli 2012 var den samla gjennomsnittlege ventetida 56 dagar. Prioriterte pasientar hadde ei gjennomsnittleg ventetid på 49dagar, medan ventetida for pasientar utan prioritet var 78 dagar.

### Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – PH vaksne



### 3. Fristbrot og langtidsventande


Helseføretaka har arbeidd aktivt med å få ned talet på fristbrot sidan sommaren 2010, med målsetting om at fristbrot ikkje skal førekome. I tabellen nedanfor finn ein fire ulike mål på fristbrot.

#### Samla utvikling i tal og prosentdel fristbrot for Helse Vest

| Tid      | Fristbrot                     |     |                                       |      |                        |     |                                  |      |
|----------|-------------------------------|-----|---------------------------------------|------|------------------------|-----|----------------------------------|------|
|          | For ventande ved periodeslutt |     | Der helsehjelpa har starta i perioden |      | Totalt (NPR-utrekning) |     | Nye fristbrot (Med frist i per.) |      |
|          | Pasientar                     | Pst | Pasientar                             | Pst  | Pasientar              | Pst | Pasientar                        | Pst  |
| 2011-jul | 1689                          | 6 % | 533                                   | 10 % | 2222                   | 7 % | 1400                             | 14 % |
| 2011-aug | 1577                          | 6 % | 1249                                  | 14 % | 2826                   | 8 % | 1623                             | 16 % |
| 2011-sep | 1193                          | 5 % | 1376                                  | 13 % | 2569                   | 7 % | 1428                             | 13 % |
| 2011-okt | 1085                          | 4 % | 998                                   | 10 % | 2083                   | 6 % | 1209                             | 12 % |
| 2011-nov | 878                           | 3 % | 916                                   | 8 %  | 1794                   | 5 % | 972                              | 10 % |
| 2011-des | 915                           | 4 % | 657                                   | 7 %  | 1572                   | 5 % | 914                              | 8 %  |
| 2012-jan | 766                           | 3 % | 913                                   | 8 %  | 1679                   | 4 % | 1009                             | 10 % |
| 2012-feb | 709                           | 3 % | 783                                   | 7 %  | 1492                   | 4 % | 930                              | 9 %  |
| 2012-mar | 629                           | 2 % | 764                                   | 7 %  | 1393                   | 4 % | 894                              | 8 %  |
| 2012-apr | 829                           | 3 % | 694                                   | 8 %  | 1523                   | 5 % | 1149                             | 10 % |
| 2012-mai | 863                           | 3 % | 786                                   | 7 %  | 1649                   | 5 % | 1049                             | 9 %  |
| 2012-jun | 681                           | 3 % | 771                                   | 7 %  | 1452                   | 4 % | 829                              | 8 %  |
| 2012-jul | 1095                          | 4 % | 354                                   | 6 %  | 1449                   | 5 % | 942                              | 10 % |


I den månedlege rapporteringa til Helse- og omsorgsdepartementet (ØBAK) er det delen fristbrot for pasientar som har starta behandling som skal rapporterast. Tabellen under viser utviklinga i delen fristbrot for behandla pasientar fordelt per helseføretak, samt for dei private ideelle sjukehusa (samla).

#### Utvikling i tal behandla pasientar med fristbrot per helseføretak



I Helse Vest er det og sett i verk tiltak for å redusere talet på langtidsventande. Figuren under viser utviklinga i talet på langtidsventande fordelt per helseføretak.


#### Utvikling i tal langtidsventande (1 år+) per helseføretak



#### 4. Korridorpatientar og epikrisetid


Figurane under viser utviklinga i bruk av korridor plassar per måned innan psykisk helsevern og somatikk fordelt per helseføretak.

##### Gjennomsnittleg tal korridorpatientar per dag innan somatikk



I Helse Stavanger HF og Helse Bergen HF har korridorbruken historisk hatt samanheng med mange utskrivingsklare pasientar. Dei seinaste månadene har det gjennomsnittlege talet somatiske korridorpatientar per dag gått ned i Helse Bergen, medan Helse Stavanger igjen har utfordringar. I juli 2012 hadde ingen av helseføretaka korridorpatientar innan psykisk helsevern.


## Gjennomsnittleg tal korridorpatientar per dag innan psykisk helsevern



Den nasjonale målsettinga er no at 100 % av epikrisane skal sendast ut innan 7 virkedagar, ei målsetting som Helse Vest ikkje innfrir. I juli 2012 var delen epikrisar utsendt innan fristen 82 % innan psykisk helsevern og 81 % innan somatikken. Innan psykisk helsevern har Helse Bergen HF den høgaste delen sendt innan fristen, medan Helse Førde HF har den høgaste delen innan somatikken.

|  Epikrisetider | Resultat | Mål  | Status =                                                                              |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------|----------|------|---------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Samlet Bilde</b>                                                                               |          |      |  |
| Epikrisetid psykisk helsevern                                                                     | 82%      | 100% |  |
| Epikrisetid somatikk                                                                              | 81%      | 100% |  |

Figuren nedanfor syner den samla utviklinga i epikrisetider innan psykisk helsevern og somatikk dei siste 13 månadene.



## 5. Økonomi


### 5.1 Resultat

|                           | Juni    |          |                | Juli    |          |                | Hittil pr. Juli |          |                |
|---------------------------|---------|----------|----------------|---------|----------|----------------|-----------------|----------|----------------|
|                           | Faktisk | Budsjett | Budsjett avvik | Faktisk | Budsjett | Budsjett avvik | Faktisk         | Budsjett | Budsjett avvik |
| Sjukehusapoteka Vest HF   | 322     | 2 459    | -2 137         | 1 630   | 2 912    | -1 282         | 10 889          | 6 387    | 4 502          |
| Helse Bergen HF           | 37 123  | 30 445   | 6 677          | 38 053  | 40 580   | -2 527         | 141 832         | 149 818  | -7 986         |
| Helse Fonna HF            | -7 009  | 500      | -7 508         | -126    | 500      | -626           | -15 068         | -2 500   | -12 567        |
| Helse Førde HF            | -6 943  | -3 333   | -3 610         | -2 608  | -3 333   | 726            | -24 772         | -23 333  | -1 439         |
| Helse Stavanger HF        | 838     | 4 152    | -3 315         | 4 086   | 4 196    | -110           | 14 588          | 29 151   | -14 563        |
| Kjøp av helsestenester    | 46 103  | 22 484   | 23 619         | 39 671  | 19 067   | 20 604         | 299 601         | 192 891  | 106 710        |
| Administrasjon morselskap | 2 053   | 1 001    | 1 052          | 2 531   | 1 862    | 669            | 11 042          | 1 618    | 9 424          |
| Helse Vest IKT AS         | 2 372   | 2 329    | 43             | 1 376   | 5 708    | -4 332         | 2 174           | 3 803    | -1 628         |
| Til saman                 | 74 858  | 60 037   | 14 821         | 84 615  | 71 493   | 13 122         | 440 286         | 357 835  | 82 451         |

Alle tall i heile tusen

Det økonomiske resultatet i juni er kr 74,9 mill som er kr 14,8 mill over budsjett. Resultatet i juli er kr 84,6 mill som er kr 13,1 mill betre enn budsjettet. Akkumulert resultat er kr 440,3 mill som er kr 82,5 mill betre enn budsjettet.

Helse Stavanger




Alle tall i heile tusen

Føretaket har eit positivt resultat i juni på kr 0,8 mill som er kr 3,3 mill svakare enn budsjettert. I juli er resultatet kr 4,1 mill som er om lag som budsjettert. Akkumulert resultat etter sju månader er kr 14,6 mill som er kr 14,6 mill dårlegare enn budsjettert.

Inntektssida viser eit positivt budsjettavvik på kr 42,4 mill som hovudsakleg skuldast den høge aktiviteten i føretaket samt eksternt finansierte prosjekt med ei tilsvarande kostnadsside. Inntekter knytt til utskrivingsklare pasientar har eit negativt avvik på kr 9,6 mill.

Kostnadssida viser eit negativt budsjett avvik på kr 63,9 mill der lønnskostnadane inkludert innleige utgjer kr 17,5 mill. Føretaket melder at kr 15,1 mill av lønnskostnadane er relatert til eksternt finansierte prosjekt og at føretaket justert for dette har eit negativt avvik på lønn på kr 2,4 mill. Varekostnadane viser eit negativt avvik på kr 28,2 mill og ein må sjå delar av dette i samanheng med høgare pasientrelaterte inntekter enn budsjettert. Gjestepasientkostnadar er kr 8,8 mill høgare enn budsjettert og andre driftskostnader har eit negativt budsjettavvik på kr 7,9 mill som hovudsakleg skuldast reparasjon og vedlikehald av medisin teknisk utstyr, kjøp av IKT tenester og vaskeritenester.

#### Helse Fonna




Alle tall i heile tusen

Resultatet i juni er på minus kr 7 mill som er kr 7,5 mill svakare enn budsjetttert. Resultatet i juli er minus kr 0,1 mill som er kr 0,6 mill svakare enn budsjetttert. Etter sju månader er resultatet minus kr 15,1 mill som er kr 12,6 mill svakare enn budsjetttert.

Inntektene viser eit akkumulert negativt budsjettavvik på kr 6,5 mill og skuldast i all hovudsak eit betydeleg lågare aktivitetsnivå knytt til behandling av eigne pasientar i eige føretak. Føretaket har eit negativt budsjettavvik knytt til inntekter for utskrivingsklare pasientar på kr 9,8 mill.

Sum driftskostnader viser eit akkumulert negativt budsjettavvik på kr 12,5 mill der personalkostnadane inkl. innleige av personell utgjer kr 5,8 mill. Under ferieavviklinga har føretaket hatt ein relativ stor vekst i bruk av overtid og ekstrahjelp i staden for bruk av ordinære vikarar. Varekostnadane knytt til føretaket sin eigenaktivitet viser etter sju månader eit positivt avvik på kr 3,4 mill medan andre driftsutgifter har eit negativt avvik på heile kr 9,4 mill. I dette avviket ligg mellom anna ei tapsføring knytt til sal av eigeidom på kr 2,2 mill samt ei relativt stor auke i kostnader til sjuketransport på kr 0,8 mill i juli.

#### Helse Bergen




*Alle tall i heile tusen*

Resultatet i juni viser eit overskot på kr 37,1 mill som er kr 6,7 mill betre enn budsjetttert. I juli er resultatet kr 38,1 mill som er kr 2,5 mill svakare enn budsjetttert. Etter sju månader viser rekneskapen eit resultat på kr 141,8 mill som gir eit akkumulert negativt budsjettavvik på kr 8 mill.

Sum driftsinntekter er kr 45,3 mill høgare enn budsjetttert, medan sum driftskostnader er kr 62,3 mill høgare enn budsjetttert. Etter sju månader er det eit negativt budsjettavvik på kr 15,8 mill knytt til inntekter for utskrivingsklare pasientar. Lønnskostnadane og ekstern innleige viser eit akkumulert negativt budsjettavvik på kr 32,4 mill og må bli sett i samanheng med den høge aktiviteten i føretaket. Avviket på varekostnad og medikament er knytt til biologiske legemiddel, implantat, laboratorierekvisita og medisinske forbruksvarer. Avviket kan sjåast i samanheng med den høge aktiviteten i føretaket og tilsvarende høgare inntekter. Netto finansresultat viser eit positivt avvik på kr 9,1 mill og skuldast i hovudsak korreksjon av ein feil gjort av banken, med godskriving av renteinntekter for fleire år tilbake.

#### Helse Førde



Alle tall i heile tusen

Resultatet for juni viser eit underskot på kr 6,9 mill som er kr 3,6 mill svakare enn budsjetttert. Resultatet for juli viser eit negativt resultat på kr 2,6 mill som er kr 0,7 betre enn budsjetttert. Akkumulert resultat er minus kr 24,8 mill som er kr 1,4 mill svakare enn budsjetttert.

Inntektene hittill i år er kr 6,3 mill lågare enn budsjett der kr 5,5 mill av avviket er relatert til lågare inntekter knytt til utskrivingsklare pasientar. Kostnadssida syner eit positivt avvik mot budsjett på kr 4,8 mill. Bemanningskostnadane er kr 0,6 mil lågare enn budsjetttert og det er eit meirforbruk på kr 0,7 mill knytt til varekostnader. Andre driftskostnader har eit meirforbruk på kr 4,4 mill og finanskostnadane har eit positivt avvik på kr 9,3 mill.

#### Kjøp av helsetenester

Resultatet i juni er kr 23,6 mill betre enn budsjetttert. Resultatet i juli er kr 20,6 mill betre enn budsjetttert som gir eit akkumulert resultat på kr 299,6 mill som er kr 106,7 mill betre enn budsjetttert.

Det positive avviket skuldast mellom anna eit finansresultat som er om lag kr 23 mill betre enn budsjetttert og lågare kjøp av laboratorie- og røntgentenester enn budsjetttert. Vidare skuldast noko av avviket at nokre satsingsområde har eit anna starttidspunkt enn det som er budsjetttert.

#### Administrasjonen

Akkumulert resultat per juli er kr 11 mill som er kr 9,4 mill betre enn budsjetttert. Avviket skuldast hovudsakeleg mindre forbruk innan lønn og konsulenttenester enn budsjetttert.

#### Sjukehusapoteka Vest

Akkumulert resultat etter sju månader er kr 10,9 mill som er kr 4,5 mill betre enn budsjetttert. Inntektene på varesal er kr 9,6 mill over budsjett og tenestesalet er kr 2,1 mill over budsjett. Personalkostnadane er kr 1 mill over budsjett og andre driftskostnader ligg kr 0,4 mill over budsjett.

#### Helse Vest IKT AS

Etter sju månader har føretaket eit positivt resultat på kr 2,2 mill som er kr 1,6 mill svakare enn budsjetttert.

## **5.2 Prognose**

|                           | Heile året     |                |                |
|---------------------------|----------------|----------------|----------------|
|                           | Prognose       | Budsjett       | Budsjett avvik |
| Sjukehusapoteka Vest HF   | 13 900         | 13 900         | 0              |
| Helse Bergen HF           | 147 000        | 167 000        | -20 000        |
| Helse Fonna HF            | -18 762        | 0              | -18 762        |
| Helse Førde HF            | -40 000        | -40 000        | 0              |
| Helse Stavanger HF        | 40 000         | 50 000         | -10 000        |
| Kjøp av helsetenester     | 88 762         | 40 000         | 48 762         |
| Administrasjon morselskap | 0              | 0              | 0              |
| Helse Vest IKT as         | 1 000          | 1 000          | 0              |
| <b>Til saman</b>          | <b>231 900</b> | <b>231 900</b> | <b>0</b>       |

*Alle tall i heile tusen*

Helse Fonna melder ei forverra prognose på kr 3,8 mill som i hovudsak skuldast tapsføringar i samband med sal av eigedom samt dei siste to månaders kostnadsutvikling. Om lag kr 15 mill av den negative prognosen er knytt til det lågare inntekter enn budsjettert knytt til utskrivingsklare pasientar.

Helse Bergen opprettheld ei negativ prognose som følgje av lågare inntekter enn budsjettert knytt til utskrivingsklare pasientar men har forbetra si prognose med kr 10 mill etter ei justering mot Haraldsplass.

Helse Stavanger har på bakgrunn av resultatutviklinga generelt samt svikten i inntektene for utskrivingsklare pasientar justert ned si prognose med kr 10 mill til eit resultat på kr 40 mill.

Risikoen knytt til inntektene for utskrivingsklare pasientar finn vi i alle føretaka og det er sett i verk eit arbeid for å analysere situasjonen og om nødvendig kompensere føretaka for inntektsvikten i ein overgangsperiode.

Basert på erfaringar og resultatet etter sju månader er det rimeleg å anta at RHF-et vil få eit positivt budsjettavvik ved året slutt. Samtidig er det usikkerheits moment, særleg knytt opp til samhandlingsreforma, som vi ikkje har fullstendig oversikt over enno. Som ei førebels tilnærming er prognosen i RHF-et lagt inn med eit positivt avvik som svarar til den samla negative prognosen frå føretaka. I tillegg er det budsjettert med ein reserve i RHF-et på kr 170 mill.

### 5.3 Omstilling

Helse Stavanger har sett i verk tiltak på til saman kr 30,3 mill som etter sju månader har hatt ein effekt på kr 3,7 mill, som er om lag 58 % av planen.

Helse Fonna har etablert tiltak på til saman kr 19,5 mill. Tiltaka har pr juli hatt ein effekt på kr 0,8 mill. Føretaket ventar at desse tiltaka vil gi ein effekt på kr 5,6 mill innan året er omme, noko som er 29 % av planen.

Helse Førde har etablert ein tiltakspakke på til saman kr 30,6 mill. Denne har hatt ein effekt på kr 10,1 mill som er om lag 90 % av planlagd effekt etter sju månader.

Det er ikkje etablert tiltaksrapportering frå Helse Bergen.

### 5.4 Investering

Helse Vest sitt investeringsbudsjett for 2012 blei vedtatt i samband med behandlinga av sak om konsernbudsjett 2012 i februar møtet og oppdatert i sak 077/12 B om langtidsbudsjett 2013 – 2017 i junimøtet. Samla investeringsbudsjett er fastsett til kr 1,702 mrd. I tabellen under er det vist status på investeringar pr. juli samt estimat for året.

| Samandrag investeringar 2012 | Akkumulert<br>januar - juli | Resten av<br>året | Estimat 2012 | Budsjett 2012 |
|------------------------------|-----------------------------|-------------------|--------------|---------------|
| Bygg                         | 422 464                     | 443 232           | 860 696      | 977 885       |
| MTU                          | 133 097                     | 208 703           | 341 800      | 355 144       |
| IKT                          | 113 742                     | 111 558           | 225 300      | 220 000       |
| Anna                         | 27 919                      | 114 987           | 142 906      | 149 140       |
| SUM                          | 697 221                     | 878 481           | 1 570 702    | 1 702 169     |

Samla investeringar per juli er på kr 697,2 mill. Dette utgjer rett i overkant av 44 % av forventade investeringsnivå i 2012.

#### Helse Stavanger:

| Investeringar 2012      | Akkumulert<br>januar - juli | Resten av<br>året | Estimat 2012 | Budsjett 2012 | Estimat<br>totalprosjekt |
|-------------------------|-----------------------------|-------------------|--------------|---------------|--------------------------|
| <b>Helse Stavanger:</b> |                             |                   |              |               |                          |
| BUPA                    | 80 041                      | 49 581            | 129 622      |               | 255 000                  |
| Stavanger DPS           | 3 941                       | 35 259            | 39 200       |               | 195 000                  |
| Øvrig bygg              | 41 843                      | 50 331            | 92 174       |               |                          |
| Sum bygg                | 125 825                     | 135 171           | 260 996      | 259 900       |                          |
| MTU                     | 54 463                      | 96 537            | 151 000      | 151 000       |                          |
| IKT                     | 3 170                       | -3 170            | 0            | 0             |                          |
| Anna                    | 7 926                       | -7 926            | 0            |               |                          |
| SUM Stavanger           | 191 384                     | 220 612           | 411 996      | 410 900       |                          |

Investeringar per juli utgjer om lag 47 % av estimert investeringsnivå for 2012. Estimaten for året er om lag som budsjettet.

#### Helse Fonna:

| Investeringar 2012  | Akkumulert<br>januar - juli | Resten av<br>året | Estimat 2012 | Budsjett 2012 |
|---------------------|-----------------------------|-------------------|--------------|---------------|
| <b>Helse Fonna:</b> |                             |                   |              |               |
| Bygg                | 20 472                      | 23 228            | 43 700       | 44 400        |
| MTU                 | 8 284                       | 21 716            | 30 000       | 31 500        |
| IKT                 | 708                         | 2 892             | 3 600        | 0             |
| Anna                | 4 992                       | 708               | 5 700        | 7 100         |
| SUM Fonna           | 34 456                      | 48 544            | 83 000       | 83 000        |

Investeringar per juli utgjer om lag 42 % av estimert investeringsnivå i 2012. Estimaten for året ligg på same nivå som budsjettet.

#### Helse Bergen:

| Investeringer 2012       | Akkumulert<br>januar - juli | Resten av<br>året | Estimat 2012   | Budsjett 2012  | Estimat<br>totalprosjekt |
|--------------------------|-----------------------------|-------------------|----------------|----------------|--------------------------|
| <b>Helse Bergen:</b>     |                             |                   |                |                |                          |
| BUSP trinn I             | 45 628                      | 79 372            | 125 000        | 165 000        | 1 392 966                |
| Kronstad DPS             | 77 957                      | 72 043            | 150 000        | 150 000        | 430 519                  |
| Ombygging sentralblokken | 25 093                      | 69 907            | 95 000         | 135 000        | 310 354                  |
| Øvrig bygg               | 116 536                     | 17 464            | 134 000        | 166 585        |                          |
| Sum bygg                 | 265 214                     | 238 786           | 504 000        | 616 585        |                          |
| MTU                      | 41 732                      | 69 268            | 111 000        | 122 844        |                          |
| IKT                      |                             |                   |                |                |                          |
| Anna                     | 6 386                       | 97 614            | 104 000        | 107 134        |                          |
| <b>SUM Bergen</b>        | <b>313 332</b>              | <b>405 668</b>    | <b>719 000</b> | <b>846 563</b> |                          |

Investeringar pr. juli utgjør om lag 44 % av estimert investeringsnivå i 2012. Estimaten for året ligger under budsjett og skuldast i hovudsak lågare framdrift på ombygging av sentralblokk og andre bygg.

#### Helse Førde:

| Investeringer 2012                | Akkumulert<br>januar - juli | Resten av<br>året | Estimat 2012   | Budsjett 2012  | Estimat<br>totalprosjekt |
|-----------------------------------|-----------------------------|-------------------|----------------|----------------|--------------------------|
| <b>Helse Førde:</b>               |                             |                   |                |                |                          |
| Luftambullanse/pre-hospitalt bygg |                             | 22 000            | 22 000         | 22 000         | 117 000                  |
| Nødstrømbygg/aggregat             |                             | 5 000             |                |                |                          |
| Øvrig bygg                        | 10 953                      | 19 047            | 30 000         | 35 000         |                          |
| Sum bygg                          | 10 953                      | 46 047            | 52 000         | 57 000         |                          |
| MTU                               | 28 618                      | 21 182            | 49 800         | 49 800         |                          |
| IKT                               | 418                         | 1 282             | 1 700          | 0              |                          |
| Anna                              | 6 880                       | 10 920            | 17 800         | 19 500         |                          |
| <b>SUM Førde</b>                  | <b>46 868</b>               | <b>79 432</b>     | <b>121 300</b> | <b>126 300</b> |                          |

Investeringar pr. juli utgjør om lag 39 % av estimert investeringsnivå i 2012. Estimaten for 2012 ligger på kr 121,3 mill noko som er kr 5 mill lågare enn budsjett.

#### Sjukehusapoteka:

| Investeringer 2012 | Akkumulert<br>januar - juli | Resten av<br>året | Estimat 2012 | Budsjett 2012 |
|--------------------|-----------------------------|-------------------|--------------|---------------|
| Sjukehusapoteka    | 1 735                       | 13 671            | 15 406       | 15 406        |

Investeringar per juli utgjør om lag 11% av estimert investeringsnivå i 2012. Estimaten for 2012 ligger på same nivå som budsjett.

#### Helse Vest IKT:

| Investeringer 2012 | Akkumulert<br>januar - juli | Resten av<br>året | Estimat 2012 | Budsjett 2012 |
|--------------------|-----------------------------|-------------------|--------------|---------------|
| Helse Vest IKT     | 109 446                     | 110 554           | 220 000      | 220 000       |

Investeringar per juli utgjør om lag 44 % av estimert investeringsnivå i 2012. Estimaten for 2012 ligger på same nivå som budsjett. I tillegg ligger det mindre IKT investeringar i nokre av dei andre føretaka.

## **5.5 Likviditet**

Helse Vest har ved utgangen av juli 2012 ein netto likviditet på pluss kr 486 mill. Grafen under viser forventa utvikling i netto likviditet (innskott minus driftskreditt) for året.




*Alle tall i heile millionar*

Likviditeten vil bli lågare mot slutten av året som følgje av betalinga av KLP reguleringspremie. Driftskredittramma vil ved årets slutt vere kr 1,928 mrd. Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskredittramme vurdert å vere tilfredsstillande. Helse Vest har tett oppfølging av likviditetssituasjonen og vil om nødvendig treffe tiltak for å sikre likviditetstilgangen i konsernet.

## 6. Medarbeidarar

### Føretaksgruppa Helse Vest – Sjukefråvær



Måltalet er eit samla sjukefrávær på 5,5 % eller lågare, og eit sjukemeldt frávær på 4,5 % eller lågare. Per juli 2012 var det samla sjukefráværet på 6,6 % og sjukemeldt frávær på 5,9 %. Dette er litt høgare enn kva sjukefráværet var i mai, men det er ei forbetring i forhold til juni. Det samla sjukefráværet og sjukemeldt frávær er markant forbetra i juli 2012 i forhold til tilsvarende tal for juli 2011. Når det gjeld sjukefráværingsdagsverka er det ca 760 færre sjukefráværingsdagsverk i juli 2012 enn i forhold til året før. Det er ca 6 700 færre sjukefráværingsdagsverk i juli 2012 enn i juni 2012.


Det kortvarige sjukefráværet, som er det sjukefráværet som er mellom 1 og 16 dagar, har gått ned frå 3,24 % i juni til 2,74 % i juli. I forhold til 2011 har det vore ein nedgang på 0,33 prosentpoeng. I juli 2011 var det kortvarige sjukefráværet på 3,07 %.

Det langvarige sjukefráværet, sjukefrávær på 17 dagar eller meir, er på omtrent på same nivå, 3,85 % i juli og 3,81 % i juni. I juli 2011 var det langvarige sjukefráværet på 4,84 %. Dette betyr at det langvarige sjukefráværet i juli 2012 er omtrent eit prosentpoeng lågare enn tilsvarende tal for 2011.

Det er ca 140 fleire einingar som har eit samla sjukefrávær på 5,5 % eller lågare i juli enn i juni. 70,04 % av alle einingane har eit samla sjukefrávær på 5,5 % eller lågare per juli 2012. Dette er ei betring i forhold til juli 2011, då hadde 64,67 % av alle einingane eit sjukefrávær på 5,5 % eller lågare. Når det gjeld det sjukemeldte fráværet er det 69,39 % av alle einingar som har eit sjukemeldt frávær på 4,5 % eller lågare. Dette er ei forbetring i forhold til juni då det var 62,94 % av alle einingane som hadde eit sjukefrávær på 4,5 % eller lågare. I juli 2011 var tilsvarende tal på 64,34 %.

## Føretaksgruppa Helse Vest – Månadsverk

Graf og tabell under viser berre helseføretaka.



Det har vore ein naturleg nedgang med 849 brutto månadsverk frå juli til august 2012 og ein nedgang med 315 netto månadsverk i same perioden. Dette har samband med avslutning av sommarvikarar. Alle fire helseføretaka har hatt ein nedgang i både brutto og netto månadsverk. Den største nedgangen har Helse Bergen og Helse Stavanger stått for, med henholdsvis 342 færre brutto månadsverk i Helse Bergen og 271 færre brutto månadsverk i Helse Stavanger i perioden.

Samanlikna med same periode i 2011 har det vore ein auke med 506 brutto månadsverk og 671 netto månadsverk. Det har vore høgare tal på månadsverk i alle månader i 2012 enn i 2011.

### Oppfølging av variable timar hittil i år i føretaksgruppa i Helse Vest

| Helseføretaka i Helse Vest | 201108      | 201208      | Endring 2011-2012 | % endring frå 2011-2012 | % endring frå 2010-2011 |
|----------------------------|-------------|-------------|-------------------|-------------------------|-------------------------|
| Merarbeid i kroner         | 194 759 423 | 197 919 204 | 3 159 781         | 2 %                     | 11 %                    |
| Overtid i kroner           | 226 516 255 | 236 279 093 | 9 762 838         | 4 %                     | 9 %                     |
| Merarbeid i timer          | 1 107 726   | 1 103 081   | -4 645            | 0 %                     | 5 %                     |
| Overtid i timer            | 520 868     | 536 844     | 15 976            | 3 %                     | 6 %                     |
| Brutto månadsverk          | 150 428     | 154 698     | 4 270             | 3 %                     | 2 %                     |

Det er flott å sjå at dei tiltaka som helseføretaka har sett i verk hausten 2011, har gitt gode resultat. Både Helse Bergen og Helse Fonna har hatt ein nedgang i bruk av meirarbeid i kroner og timar frå august 2011 til august 2012. Helse Førde har hatt ein auke med 3 % i meirarbeid i kroner og 2 % i overtid i kroner. Helse Stavanger har hatt ein liten auke med 1 % i overtid i timar. Helse Førde køyrer ein etterjustering rundt den 25. kvar månad og dette kan utjamne seg då.

Talet på timar som er utbetalt i feil månad svingar ein del frå månad til månad når ein ser på dei enkelte føretaka, men når ein ser dei fire føretaka under eit har det vore ein positiv utvikling dei siste månadene.

Det same utviklingstrekket ser ein når det gjeld talet på timar som er planlagde fram i tid. Her har det òg vore ei positiv utvikling for føretaksgruppa, men utviklinga i dei forskjellige føretaka har svinga ein del.


## Føretaksgruppa Helse Vest – Deltid

Det er per juli 2 353 fast tilsette medarbeidarar som har registrert profilen sin i deltidskartlegginga. Per juli er det 560 fast tilsette som ønskjer høgare stillingsbrøk innan ein månad, 186 innan det neste halve året og 52 på lengre sikt. 1 555 har svart at det ikkje er aktuelt med høgare stillingsbrøk.

Leiarane arbeider med å finne gode løysingar saman med sine medarbeidarar. Så langt takkar 12,5 % nei til tilbod ved eiga eining og 86,7 % ja, 6,1 % takkar ja til tilbod i kombinasjon med bemanningssenter og 87,9 % takkar nei til det same tilbodet. For kombinasjon med arbeid på andre einingar takkar 45,5 % ja og 45,5 % takkar nei. Dei fleste får tilbod om auka stillingsbrøk ved eiga eining. Av alle tilbod som blir gitt takker 67,7 % ja og 29,9 % nei og 2,4 % vurderer per august dei tilboda dei har fått.

Målkrevet om ein korrigert gjennomsnittleg stillingsprosent på 87,7 % blei nådd hausten 2011. Den korrigererte gjennomsnittlege stillingsprosenten for juli 2012 er på 89 %.


Arbeidet med å redusere omfanget av deltid har ei positiv utvikling. Per juli 2012 er det **1 644 fleire** tilsette i heile stillingar målt i forhold til desember 2010, som er samanlikningspunktet for arbeidet med å redusere bruken av deltid. Føretaksgruppa Helse Vest har samstundes fått den utviklinga ein har peika på med ein glidande auke i stillingsbrøk for dei som er i deltidstillingar. Måltalet for del deltid i føretaksgruppa er 31,64 %. Føretaksgruppa har per juli 2012 ein korrigert gjennomsnittleg deltid på 31,22 %. Dette er ein reduksjon i deltid på **21,06 %** frå utgangspunktet i desember 2010.




## Føretaksgruppa Helse Vest – HMS


Totalt blei det meldt 11 415 uønska hendingar første halvår 2012. Desse er fordelt på avslutta, tiltak registrert, tiltak utført og under behandling. I same periode er 7 961 saker avslutta, inkludert driftsrelatert saker. Dette viser at dei fleste hendingar som var rapportert inn i 2011 er no avslutta.

Nye registrerte totale hendingar i første halvår 2012 er 2 826 av desse er 567 under behandling, og 61 tiltak utført. Tal på skader som er relatert til våre medarbeidarar er 1 307 fordelt som i grafane under.




Av dei 1 307 sakene som er relatert til våre medarbeidarar er 428 relatert til vold og 281 relatert til truslar.






## Helse Stavanger

### Sjukefråvær




68,50 % av einingane i Helse Stavanger HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for juli 2012. 67,45 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for juli 2012.

## Månadsverk




## Helse Fonna

### Sjukefråvær




70,83 % av einingane i Helse Fonna HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for juli 2012.  
71,25 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for juli 2012.

## Månadsverk




## Helse Bergen

### Sjukefråvær




67,18 % av einingane i Helse Bergen HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for juli 2012.  
 66,15 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % per juli 2012.

## Månadsverk




## Helse Førde

### Sjukefråvær




74,73 % av einingane i Helse Førde HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for juli 2012.  
 74,73 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for juli 2012.

## Månadsverk




## Sjukehusapoteka Vest

### Sjukefråvær




59,38 % av einingane i Sjukehusapoteka Vest HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for juli 2012.  
 59,38 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for juli 2012.

## Månadsverk




## Helse Vest IKT

### Sjukefråvær



92,31 % av einingane i Helse Vest IKT AS har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for juli 2012.  
 89,74 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for juli 2012.

## Månadsverk



Det vil bli presentert ei oppsummering av etterleving av arbeidstid i styremøtet.